

---

Saksnr: 2021/4201-2  
Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		23.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

**Svar på høyrings sak - Avgift på viltlevande marine ressursar**

## Forslag til innstilling

- 1 Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort ei vurdering om avgifta på uttak av viltlevande marine ressursar bør vere øymerka tiltak og ordningar som kjem fiskerinæringa til gode, til utvikling av ei meir berekraftig næring.
- 2 Fylkeskommunen ser ikkje at det er grunnlag for å differensiere avgiftsordninga til berre å gjelde nokre fartøygrupper eller fartøy som er underlagt strukturvoteordning.
- 3 Fylkeskommunen ser det som viktig at avgiftssatsen vert føreseieleg, og foreslår at avgifta med fordel kan vere ein fast prosentsats i staden for eit fast beløp. Slik kan ein gje fiskerinæringa mindre avgiftstrykk i år der førstehandsomsettinga er låg.

## Samandrag

Skattedirektoratet har på vegne av Finansdepartementet sendt ut høyringsframlegg om ei fiskalavgift på viltlevande marine ressursar. Avgifta er planlagt innført 1. juli 2021, forutsett at Stortinget vedtek avgifta i det ordinære budsjettopplegget. Høyringsfrist er 18. mars, men Vestland fylkeskommune har fått utsett frist til 26.mars.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med Stortingsmelding 32 (2018–2019) - *Et kvotesystem for økt verdiskaping - En fremtidsrettet fiskerinæring* fatta Stortinget følgjande vedtak (vedtak 554):

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget (så snart som mulig, eventuelt fra 2021) med et forslag om en fiskal avgift på fiskeriene (villfisk) tilsvarende om lag 100 mill. kroner årlig. Det vurderes i den forbindelse om det kan gjøres etter modell av fiskeriforskningsavgiften. Modellen må være forenlig med Norges forpliktelser under EFTA-konvensjonen og EFTA-frihandelsavtaler.»*

Skattedirektoratet har, på vegne av Finansdepartementet, sendt på høyring eit framlegg til stortingsvedtak om avgift på viltlevende marine ressursar, og forslag til endringar i forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter til gjennomføring av avgifta. Høyringsfrist er 18. mars, men Vestland fylkeskommune har fått utsett frist til 26. mars for å få gjort eit politisk vedtak i høyringssaka.

Avgifta omfattar viltlevande marine ressursar, og er foreslått å tre i kraft frå 1. juli 2021, om Stortinget vedtek avgifta i samband Revidert nasjonalbudsjett 2021. Avgifta er foreslått utforma som ei ordinær særavgift, og føremålet er fiskalt (å skaffe pengar til statskassa). Avgifta skal omfatte fangst frå norskregistrerte fartøy. Storleik på avgiftssats inngår ikkje i høyringa.

Det vert foreslått at registreringa vert knytta til fiskesalslaga som er godkjende etter fiskesalslagslova. Det er fem ulike fiskesalslag i kyst-Norge. Avgiftsplikta vert foreslått å oppstå ved førstehandsomsetning av viltlevende marine ressursar i samsvar med fiskesalslagslova. Og vidare at avgiftsgrunnlaget skal vere brutto salsbeløp trekt frå den særskilte avgifta (lagsavgift) som vert betalt til fiskesalslaga, jf. fiskesalslagslova § 9. Avgifta skal kun omfatte fangst frå norskregistrerte fartøy. Forvaltning av fiskeriresursar er ikkje ein del av EØS-avtala og det er slik ingen statsstøtterettslege utfordringar ved innføring av ei avgift på viltlevande marine ressursar.

### *Bakgrunn for avgifta*

Forslaget om fiskeravgift vart spelt inn av næringa sjølve i samband handsaminga av Kvotemeldinga, og som eit alternativ til regjeringa sitt forslag om etablering av ein statleg kvotebeholdning. Forslaget om kvotebeholdning var sett på som så dårleg at næringa opna for andre sett å legge avgift i storleik 100 mill. kr. pr. år på fiskerinæringa. Denne fiskalavgifta er regjeringa sitt svar på dette.

### *Kort om fiskerinæringa*

Fiskerinæringa er ei stor næring som bidreg til sysselsetting og busetnad langs kysten. I 2020 landa norsk fiskeflåte fisk med ein førstehandsverdi på 22 367 mill. kr. Tal registrerte fiskarar var snautt 11 000 ved utgangen av 2020 og tal fiskefartøy 5 857. Næringa bidreg også til landbasert sysselsetting t.d. gjennom fiskemottak, foredlingsindustri og eksport. Tal fiskarar og båtar er gradvis redusert, samstundes har næringa vorte meir regulert, teknologisk avansert og mykje meir kapasitetsintensiv enn tidlegare. Fangsten over år er såleis forholdsvis stabil, sjølv om tal fiskarar er redusert.

Vedtakskompetanse: fylkesutvalet har munde til å gje fråsegn.

### Vurderingar og verknader

#### *Kva er «viltlevande marine ressursar»?*

Høyringsnotatet viser til definisjon av «viltlevande marine ressursar» i Fiskesalslagslova § 2 tredje ledd: *«Viltlevande marine ressursar er fisk, sjøpattedyr med heilt eller delvis tilhald i sjøen, andre marine organismar og plantar med tilhald i sjøen eller på eller under havbotnen»*. Dette betyr at t.d. førstehandsomsetnad av sel og kval, kråkebollar, sjøstjerner, leppefisk, snegl og planter som tang og tare, vert omfatta av avgifta. Hausting av anadrome laksefisk (laks og aure) eller dyrka tang og tare er ikkje omfatta av avgifta.

Som regional utviklingsaktør, har fylkeskommunen også eit ansvar for å bidra til å vidareutvikle dei marine næringane. Her ser vi no ei auka interesse innan nye marine artar. Vi er uroa for at avgifta også rårer nye næringer i etableringsfasen. Dette vil gjere det vanskelegare å bygge eit økonomisk grunnlag for vidare drift for slike selskap.

#### *Innføring av fiskalavgifta i tillegg til andre avgifter*

Den generelle avgiftsbelastinga for fiskeflåten har auka betydeleg dei seinaste åra. Frå 2021 er fiskefartøy over 15 m omfatta av ei kontrollavgift. Føremålet med kontrollavgifta er å bidra til å dekke statsforvaltinga (Fiskeridirektoratet) sitt arbeid med kontroll av fiskeria. Avgifta er estimert til å gje eit proveny på 42 mill. kr. i 2021, med ei auke på ytterlegare 11 mill. frå 2022 då ordninga vert utvida til å også gjelde fartøy under 15 meter. Næringa, gjennom salslaga (som er eigd av næringa), nyttar allereie vel 30 mill. kr. i året til kontrolltiltak innafor salslaga sitt ansvarsområde.

Førstehandsomsetnad gjev også m.a. berekningsgrunnlag for ei fiskeriforskningsavgift som er organisert av Fiskeridirektoratet og ei produktavgift som er organisert av NAV.

I klimaplanen for 2021-2030 er det forslag om ei kraftig auke i den generelle CO<sub>2</sub>-avgifta samstundes som regjeringa også har foreslått ei rask avvikling av kompensasjonsordninga for CO<sub>2</sub>-avgift i fiskeflåten. For fiskeflåten vil auka i avgifta vere frå 590 kr/tonn i dag til 2 000 kr/tonn i 2030. Pr. i dag er det ikkje gode teknologiske løysingar som kan nyttast for framdrift av fiskebåter, og slikt sett ikkje noko reelt val for flåten å sleppe å betale denne høge avgifta.

Regjeringa har varsla at det vil vere naudsynt å redusere andre skatter og avgifter for å kompensere næringer som blir sterkt ramma av den foreslåtte avgiftsauka. I denne sammenheng kan det oppfattast som dårleg timing å innføre ei ny fiskalavgift i fiskeria.

#### *Fiskalavgift eller øyremerka midlar?*

I motsetnad til avgiftene nemnd i avsnitta over, og som skal alle dekke konkrete finansieringsføremål for fiskarar og fiskerinæringa, ber Stortinget i si bestilling til regjeringa om ei utgreiing av ei fiskalavgift som skal gå rett inn i statskassa. Det må likevel vere rom for å diskutere om ikkje avgifta burde vere øyremerka tiltak som kjem fiskerinæringa og kystsamfunna til nytte og gode?

Det følgjer av havressurslova at retten til villevande marine ressursar ligg til fellesskapet i Norge, og loven skal bidra til eit ressursuttak som er berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsamt. Dersom ein skal pålegge ei avgift henta frå dette ressursgrunnlaget, vil det ikkje vere unaturleg at bruken av midlane også vert kanalisert tilbake til fiskerinæringa som gjev opphav til inntekta. Fiskerinæringa står overfor store utfordringar i åra som kjem. Reduksjon av utslepp, mindre forbruk av tradisjonelt drivstoff, utvikling av reidskap for meir skånsamt fiskeri, gode og klimavennlege transportløyser for transport av sjømat på land, auka grad av bearbeiding av råvarer, produktutvikling og auka sikkerheit for sjøfolk er døme på utfordringar. Fylkesrådmannen meiner at ei avgift basert på utnytting av våre felles marine ressursar bør vere øyremerka vidare utvikling av ei meir økologisk berekraftig fiskerinæring.

#### *Unntak for båter under 11 meter eller fartøy som ikkje er omfatta av strukturkvoteordninga?*

I høyringsnotatet vert det drøfta om det bør vere unntak for dei mindre fartøya (t.d. under 11 m), eller om det bør vere ei differensiering av avgifta for enkelte lengdegrupper. Fylkesrådmannen ser ikkje at det er grunnlag for dette, all den tid alle fartøygruppene utnytter våre felles, marine ressursar. Det vert vidare spurt om ordninga berre bør omfatte fartøy som er underlagt strukturkvoteordninga (strukturkvote inneber at kvoter til tilgangsgrensar fiskeri - som elles er knytt til eigar og eit bestemt fartøy - kan fiskast med eitt eller fleire andre fartøy. Eit fartøy kan ha fleire kvoter). Å knyte det til strukturkvoter vil auke kompleksiteten ved kontroll. Fylkeskommunen er difor samde i vurderinga om å ikkje avgrense avgifta til fartøy underlagt strukturkvoteordninga.

#### *Avgiftsgrunnlag og berekning av avgifta*

Avgifta vert foreslått som ein verdiavgift der avgifta skal betalast med ein gitt prosent av avgiftsgrunnlaget. Stortinget sitt anmodningsvedtak legg til grunn 100 millionar kroner årleg i auka proveny. Ein legg opp til å tilpasse avgiftssatsen til dette. Utgangspunktet med fast proveny på 100 mill. år vil føre til at avgiftsbelastinga går opp når førstehandsomsetnaden går ned. Fylkesrådmannen ser det som viktig av avgiftssatsen vert føreseieleg og ikkje vert endra frå år til år. Ein kan t.d. legge seg på ein fast presentsats. Dette kan gje fiskerinæringa lågare avgiftstrykk om førstehandsomsetninga er låg.

Økonomi: Tiltaka vil ikkje ha innverknad på fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort ei vurdering om avgifta på uttak av viltlevande marine ressursar bør vere øyremerka tiltak og ordningar som kjem fiskerinæringa til gode, til utvikling av ei meir berekraftig fiskerinæring.

Fylkeskommunen ser ikkje at det er grunnlag for å differensiere avgiftsordninga til berre å gjelde nokre fartøygrupper eller fartøy som er underlagt strukturkvoteordning.

Fylkeskommunen ser det som viktig at avgiftssatsen vert føreseieleg, og foreslår at avgifta med fordel kan vere ein fast proSENTSATS i staden for eit fast beløp. Slik kan ein gje fiskerinæringa mindre avgiftstrykk i år då førstehandsomsettinga er låg.